



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid Sokneråd

REFERAT frå møte i Kviteseid Sokneråd
onsdag 16. januar 2019 kl. 18.00,
i kommunestyresalen på kommunehuset.

Innkalla og møtte:

Leiar: Håkon Birkeland, Nestleiar: Magnhild Vaagen Kvalbein, Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Hans Kristian Aabø, Hanne Roholdt, Gunn Karin Eikåsen, Vidar Syrtveit Mikalsen, Sokneprest Møyfrid Lunde, Kommunerepresentant Tore Åsland.

I.vara: Reidun Øverbø Fisketjønn .

Kyrkjeverje Kristen Salmelid.

Prost Asgeir Sele var invitert til eit årvisst møte med soknerådet.

Ord for dagen ved Møyfrid Lunde.

Beverting v/ Marit Gotuholt

Mail kopi innkalling til revisor Mariann Todal.

(Referat sendes i tillegg til ordførar Tarjei Gjelstad, rådmann Øystein Tveit, økonomisjef Lothar Edel, rekneskapsførar Christine Graneng og prost Asgeir Sæle)

Saksliste:

Sak 01/19, SR	Innkalling og saksliste
Sak 02/19, SR	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 21.11.2018
Sak 03/19, SR	Post og meldingar
Sak 04/19, FR	Driftsbudsjett 2019
Sak 05/19, FR	Investeringsbudsjett 2019
Sak 06/19, SR	Kyrkjevalet 2019
Sak 07/19, FR	Stillingsendringar 2019
Sak 08/19, FR	Årssamtale med prost
Sak 09/19, SR	Takkefest for tilsette som vert pensjonistar
Sak 10/19	Eventuelt

Sak 01/19, SR	Innkalling og saksliste	HB
Forslag til VEDTAK: Innkallinga sendt ut på e-post 11.01.2019 er godkjend. Møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend. VEDTAK: som føreslege.		

Sak 02/19, SR	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 21.11.2018	HB
<p>Forslag til VEDTAK: Referatet frå møtet 21.11.2018, sendt ut på mail 26.11.2018, vart godkjend.</p> <p>VEDTAK: som føreslege.</p>		
Sak 03/19, SR	Post og meldingar	fleire
<ol style="list-style-type: none"> 1. Orientering om gjennomførde og føreståande arrangement: <ol style="list-style-type: none"> a. 8.des.: Julekonsert ved Emil Solli Tangen mfl. i Kviteseid kyrkje kl. 19.00 b. Adventskonsertar i Vrådal kyrkje 06.12 og i Kviteseid kyrkje 16.12. c. To salme-foredrag ved organist Dagfinn Køhn: 13. og 20. januar i Kv.krk. 2. <u>Investeringsprosjekta for 2018.</u> Kommunen har overført alle tilskotsmidlane i 2018; kr 680.000 <ol style="list-style-type: none"> a. Automatisk ringeanlegg Kviteseid: Ventar framleis på godkjenning frå RA. Fikk melding før årsskiftet at det ikkje ble før i 2019. NAV si løyving på kr 25.000 til prosjektet får vi etter forklaring, til tross for at prosjektet ikkje ble realisert i tide. b. Taket på Brunkeberg tårn og apsisen på gamle-kyrkja fylgjast opp. Vi har fått inn noko tømmer (malmen furu) til flisproduksjon, og arbeidar fortsatt for å få inn meir. <i>Flisproduksjonen til gamle kyrkja er godt i gang på gamlemåten med øks.</i> Sjå eigen sak om 2019-investeringar. 3. Prosjekt ‘Auka gåveinntekt’ som vi no kallar ‘Gjevarglede’ har fått inn 11 gjevarar med avtale om å gje fast kr 3450,- /mnd. Det vert kr 41.400 pr. år. Det gir rom for 7,5 % stillingsauke. 4. Om lag kr 60.000 vert innrapportert for skattefritak for 2019. Det talet vil truleg auke til over 100000 i 2019. 5. Vi har ikkje fått nokon vikar som sekretær og/eller trusopplærar etter fleire rundar med annonsering. Soknepresten og kyrkjeverja delar på oppgåvene seg i mellom inntil vidare. 6. Med siste kyrkjeblad før jul presterte Posten å IKKJE levera ut bladet til om lag 500 postkassar. Det er litt rot og feilinformasjon som frustrerer. Vi har fått refundert for trykking og porto av desse bladene. 7. Årsrapport frå Prostidiakon Eilev Erikstein ligg ved til orientering. Den ligg og på nettsida vår under Soknerådet og Diakoni. 8. Evalueringsrapport frå «Ønsket og Elsket» ligg ved. Der drøftast òg vegen vidare i 2019. 9. I mangel av sekretær og trusopplærar arbeider soknepresten med rapport på trusopplæringsarbeidet og kyrkjeverja med den økonomiske delen for levering innan fristen. 10. Kyrkjeverja har levert Løns- og personalrapport for 2018 til KA, rapportert inn skattefrie gåver. KOSTRA-rapport til SSB er rekneskapskontoret med på. 11. Kyrkjeverja i Tokke har på vegne av oss alle i Vest-Telemark nominert prostidiakonaten i Vest-Telemark til Sareptaprisen, ein årleg pris som KNIF deler ut til ein som får ‘mye ut av lite’. Prisen er på kr 100.000. <p><i>Føydd til etter innkalling:</i></p>		

12. Kviteseid kommune og historielaget markerar 200-års jubileum for Noregs fyrste lærarskule på Brunkeberg. Biskopen har takka ja til å vera med på markeringa i Brunkeberg kyrkje 26. mai (ikkje gudsteneste). 16. juni vert det markert på gudstenesta i Kviteseid gamle kyrkje.
13. Snøfresaren til driftsavdelinga i kyrkja havarerte nyleg. Ein større og betre er no kjøpt inn.
14. Under-rekneskap for trus opplæringa i 2018 er ferdig. Vi gjer greie for bruk av tilskotet på kr 140.000 frå staten via bispedømet. Samla inntekt vart kr 288.000 og utgifter kr 248.000. Overskotet på kr 40.000 skuldast gode lokale inntekter frå kollektar, julebasaren og gåver.
15. Ein tilsett i 100 % stilling har nå vore sjukemeldt i 50 % i over 6 månadar. Vi har god vikarhjelp.

Sak 04/19, FR

Driftsbudsjett 2019

KS

Grunnlaget for driftsbudsjettet for 2019 vart lagt i sak 52/18 den 22.august med forslag til driftsbudsjett 2019.

Kommunestyret løyvde på sitt desembermøte kr 3.554.000 i stønad til Kyrkja, ei auke på 2,8 % frå 2018 på 4 av 5 pkt.

Det er fordelt slik: (’ = x 1000)

1. Kr 985’ til kpt. 110 Kyrkjeleg administrasjon, auke på
2. Kr 1.594’ til kpt. 111 Kyrkjer
3. Kr 37’ til kpt 113 Andre kyrkjelege formål
4. Kr 148 i uendra tenesteytingsavtale

Desse 4 punkta dannar grunnlag for stønaden til andre trussamfunn

5. Kr 790’ til kpt. 112 Kyrkjegard

Kr. 100’ ekstra til kyrkjegardsdrifta som vi får mindre i festeavgift i 2019, er ikkje med.

Det blir kompensert med forventa kr 100’ meir i festeavgift i 2020.

Ein fylgje av dette blir litt trongare budsjett, og kan bli at vi ikkje greier å setje av pengar til lønsfond for trusopplærar. Det er difor ikkje satt av noko til det i budsjettforslaget.

Elles er berre mindre justeringar gjort frå august til nå som følgje av endra kostnader på varer og tenester, og forventa endring i aktivitet. Lønsauken for dei fleste tilsette var kjend i august. All lønsauke var med i forslaget i sommar. Andre postar har blitt kutta eller justert litt for å kunne vedta eit budsjett i balanse.

Med i grunnlaget for ferdigstilling av budsjettet, er rekneskapstala for 2018 så oppdatert som mogleg pr. 8.januar 2019. Førebels rapport for 2018 finn vi difor av ein av kolonnane i det detaljerte budsjettet.

Etter stillingsendringar frå august 2019, vil det bli naudsynt med revisjon av budsjettet, om ikkje før.

Kyrkjeverja si løn vert ikkje regulert sentralt i KA som for dei andre tilsette. Den må forhandlast om lokalt, skal vedtakast av soknerådet og gjerast kjent. Soknerådsleiar og kyrkjeverja har gjennomført ein leiarsamtale.

AU vedtok på sitt møte 14.1.:

- ei lønsauke til kyrkjeverja på kr 14.800 (2,7%) til kr 559.000 i årsløn frå 1.5.2019.

- Talet på fridagar etter KA/HTA kpt.1, pkt. 6.3 er auka frå 6 til 8 dagar frå 2019 etter at stillinga auka frå 80 til 100 %. (påverkar ikkje budsjettet direkte)
- Kyrkjevevja får dekt kjøp av telefon med inntil kr 5000, maks. kvart 4. år.

Avdelingsvis ser forslaget til driftebudsjett for 2019 slik ut:

110 Kyrkjeleg administrasjon: Overskot på kr 33'

111 Kyrkjer: Underskot på kr 18'

112 Kyrkjegardar: Underskot på kr 22'

113 Andre kyrkjelege føremål: Underskot på kr 23'

På grunn av renteintekt på kr 33', vert samla budsjett likevel lagt fram i balanse med kr 4.941.000 på inntekter og utgifter.

Resultatet frå 2018 vil kunne påverka balansen, men det er ikkje klart pr. i dag.

Kyrkjevevja meiner budsjettet er realistisk og eit godt reiskap å arbeida ut ifrå.

Forslag til VEDTAK:

Driftsbudsjettet for 2019 vedtakast med

- kr 974' i utgifter og kr 33' meir i inntekter for avd. 110 Kyrkjeleg administrasjon. Her er medrekna kyrkjevevja si løn som vert auka med 2,7 % til kr 559.000 frå 01.05.2019.
- kr 1.815' i utgifter og kr 18' mindre i inntekter for avd. 111 Kyrkjer,
- kr 1.258' i utgifter og kr 22' mindre i inntekter for avd. 112 Kyrkjegardar, og
- kr 796' i utgifter og kr 23' mindre i inntekter for avd. 113 Andre kyrkjelege føremål, og med
- Inntekter og utgifter balanserar med kr 4.941.000.

VEDTAK: som føreslege.

Sak 05/19, FR

Investeringsbudsjett 2019

KS

Grunnlaget for investeringsbudsjettet er soknerådet si investeringsplan for åra 2019-2023 (Sak 43/18 og sak 71/18). (vedlagt)

Kommunestyret løyvde på sitt desembermøte kr 1,0 mill. slik soknerådet søkte om.

Soknerådet er takksame for at kommunen sine folkevalde ser verdien i å ta godt vare på kyrkjene og kyrkjegardane.

I siste vedtak i november gikk soknerådet bort frå forslaget som inkluderte sløkjelegg i Kviteseid gamle kyrke.

Vi står da etter planen igjen med

1. Brannvarsling og innbrotsalarm i Vrådal kyrkje, prisgitt til kr 250'
2. Brannvarsling og innbrotsalarm i KV. Gamle kyrkje, prisgitt til kr 200'
3. Renovering av fleire blyglas i Kviteseid kyrkje (så langt midlane rekker, og over fleire år)
4. Garasje, carport og HC/WC ved bårhuset i Kviteseid, stipulert til kr 120' med mykje eigeninnsats
5. Reperasjon av taket på kyrkja i Vrådal (over to år, grovt anslag til kr 300' + kr 500').

No 2 startar Dyrud Elektro i Seljord opp med no tidleg på året.

No 1 tenker kyrkjevevja å søkje biskopen om så snart som mogeleg, og inngå avtale med Dyrud om etter det. Dei fekk i 2018 tilsegn på prisen dei leverte.

No. 3 er bedt om tilbud på for forskjellige prisklassar, frå same leverandør som gjorde dei fyrste arbeida. MEN her kan det hende prosjektet får ein annan vri då det kan vere mogleg å søkje Riksantikvaren om finansiering av dette, som kyrkjekunst. Kyrkjevevja undersøkjer og søker viss mogleg.

No 4 arbeidast med detaljplanar om. Særleg HC/WC er det viktig å få på plass for brukarane av kyrkja, og med dusjmoglegheit for tilsette.

No 5 ynskjer staben og kyrkjevevja ikkje å prioritera høgde dette året. Taksteinene har vore stabile dei siste åra, og nye beslag til pipene blei montert og finansiert over drift i 2018. Derimot må noko gjerast med taket i Brunkeberg kyrkje der snøstopperane kvart år øydelegg fleire takstein som ramlar ned. Korleis dette skal gjerast står att å sjå, men må prioriterast i 2019.

Så har vi prosjekta frå 2018.

1. Ringeanlegget i Kviteseid kyrkje er finansiert og venter på vedtak frå riksantikvaren. Kostnadsberekna til kr 230'
2. Fliser til Brunkeberg kyrkjetårn kan vere litt høgt prisa , så kr 300' trur vi vil rekke. Så langt er det bare produksjon av flisene som er under arbeid hos Olav Kvålsgard i Åsgrend. Nokon til å få flisene på plass på taket, har vi ikkje pr. i dag. Det inkluderer leige av tenleg stilas.
3. Fliser til apsisen på Kviteseid gamle kyrkje er orientert om fortløpande. Den totale kostnaden der blir mykje høgare enn dei kr 150' som stod på budsjettet for 2018. Anslag pr. i dag er kr 300' for bare virke og produksjon av flisene. Så kjem riving av gammalt og montering nye fliser ein gong kanskje seinhaustes 2019.

Forslag til VEDTAK i soknerådet:

Kyrkjevevja arbeidar vidare etter den skissert planen her i sakspapira, og underrettar soknerådet fortløpande om progresjon og endringar.

Handsaming under møtet:

Det vart påpeika at større endringar må vedtakast i soknerådet i eigne saker.

VEDTAK:

Kyrkjevevja arbeidar vidare etter den skisserte planen her i sakspapira, og underrettar soknerådet fortløpande om progresjon og endringar. Ved behov for større endringar frå det opphavlege, vert dette lagt fram for soknerådet i eigen sak for handsaming og vedtak.

Sak 06/19, SR

Kyrkjevalet 2019

HB

Håkon Birkeland orienterar om framdrifta for kyrkjevalet 2019.

Til nominasjonskomiteen har vi no: Håkon Birkeland, Møyfrid Lunde, Inger Lise Berge og Øyvind Jørgensen.

Forslag til VEDTAK i soknerådet:

Soknerådet tar orienteringa til vitande.

VEDTAK: som føreslege.

AU hadde 10.01.19 sitt fyrste møte om stillingsendringar som kjem som følgje av at både organist og klokkar går av med pensjon til sommaren. Stikkord og spørsmål var mellom anna:

- Kor stor stilling kan vi ha til ny organist, og kva kan eller skal vi bruke resten av lønsmidlane der til? Grunnoppgåvene tilseier om lag 50 % stilling + kor og anna.
- Fortsetter vi med betalt klokkar som nå eller i større stilling, eller vil vi heller bruke lønsmidlane til trusopplærar?
- Stillingsannonse.
- Tilsetjingsutval for intervju og vurdering av kandidatar.

AU-sak 02/19:

AU tilrår fylgjande:

1. Ny organist tilsetjast frå 01.08.2019 i inntil 80 % stilling. Stillingsbeskriving vert laga.
2. 20 % av lønsmidlane frå organiststillinga går til andre stillingar.
3. Løn frå klokkarstillinga går til auka stilling for trusopplærar.
4. Trusopplærarstillinga aukast med 35 % stilling frå 01.08.2019 (6,77 % frå klokkarstilling, 7,5 % frå faste gåver, 25 % organisten si 20 % = nesten 40 %)
5. Sesongarbeidarstilling på kyrkjegard kan etablerast med 40 % fast i 3 mnd. kvar summer (viss organiststilling vert mindre enn 80 %).
6. Det lysast etter ny organist i februar med søknadsfrist ca. 10. mars der det er aktuelt og relevant.
7. 3 personar oppnevnes til tilsetjingsutval som gjev si endelege tilråding til soknerådet sitt møte 10. april. Intervju og tilråding må då vere ferdig innan utgangen av mars. I tilsetjingsutvalet skal dei tilsette vera representert. Organist Dagfinn Køhn ber vi vera konsulent på det kyrkjemusikkfaglege.

Forslag til VEDTAK:

Som tilrådinga frå AU.

Tilsetjingsutval vert fylgjande tre personar: leiar og nestleiar i soknerådet, ein representant frå dei tilsette. Kyrkjevevja er med som sakshandsamar.

Handsaming under møtet:

Det vart orientert om at ny organist ikkje vert med og driv Unge Røyster. Dei får eigen pianist.

Soknerådet retter ein stor takk til Astrid Breivik for friviljug og trufast teneste som klokkar i Vrådal.

Det vart snakka mykje om trusopplæring og organiststillinga, og forklart kvifor klokkarstillinga vert omgjort til ei teneste av frivillige.

Tilsetjingsutvalet må ha ein av dei tilsette med. Det undersøkjast i lova om tilsetjing kan skje i soknerådet utan den tilsette til stades.

Til tilsetjingsutvalet vert leiar og nestleiar i soknerådet foreslått i tillegg til representant frå dei tilsette. Kyrkjevevja er sakshandsamar og møter i tillegg.

Tips til vektlegging:

- Evne til samarbeid er viktig.
- Prøvespeling kan være viktig som eit vurderingspunkt.

- Vi vert bundne av utlysingstekst, så det er viktig at den vert god og korrekt.
- Viss det berre blir ein søkjar kan stillinga som organist lysast ut på nytt for å få eit breiare tilsetjingsgrunnlag
- Personleg eigenheit kan vektleggjast
- Vi kan ikkje hoppe over ein kvalifisert søkjar til fordel for ein formelt ukvalifisert. Det kan difor være lurt å lysa ut etter kantor/organist/kyrkjemusikar.
- Prøvetid på 6 månader kan nyttast, men oppseiingsvernet er nesten like stort i prøvetida.

VEDTAK:

1. Ny organist tilsetjast frå 01.08.2019 i inntil 80 % stilling. Stillingsbeskriving vert laga.
2. 20 % av lønsmidlane frå organiststillinga går til andre stillingar.
3. Løn frå klokkestillinga går til auka stilling for trusopplærar.
4. Trusopplærarstillinga aukast med 35 % stilling frå 01.08.2019
Sesongarbeidarstilling på kyrkjegard kan etablerast med 40 % fast i 3 mnd kvar
summar viss organiststilling vert mindre enn 80 %.
5. Det lysast etter ny organist i februar med søknadsfrist ca. 10. mars der det er aktuelt og relevant.
6. 3 personar oppnamnas til tilsetjingsutval: Leiar og nestleiar i soknerådet samt ein representant frå dei tilsette. Kyrkjevevja er sakshandsamar og møter i tillegg. Utvalet gjev si endelege tilråding til soknerådet sitt møte 10. april. Intervju og tilråding må då vere ferdig innan utgangen av mars. Organist Dagfinn Køhn vert utvalet sin konsulent på det kyrkjemusikkfaglege.

Sak 08/19, FR

Årssamtale med prost

HB

Prost Asgeir Sele har dei siste åra vitja Kviteseid sokneråd på januar-møtet, så òg i år. Prosten innleier til samtale og vil vi skal snakka om erfaringar frå året som har gått og planar for 2019.

Soknerådet takkar prost Asgeir Sele for samtala om arbeidet og for godt samarbeid i 2018.

Prosten takka for anledninga til å få treffe soknerådet. Han gav uttrykk for at han fylgjer med på referat, og i nært samarbeid med soknepresten og i andre saker med kyrkjevevja. Han ser mykje godt som gjerast her i soknet. Kyrkjene blir tatt godt vare på, det er eit godt samarbeid med kommunen som løyver pengar, og det er god kontroll på økonomien.

Det vart vidare samtala kring desse tema:

- **Gudstenestlivet.** Forholdet mellom dei gamle sokna og andre. Det er flest frå Kviteseid som går til gudsteneste også andre plassar.
 - Kviteseid har eit gjennomsnitt på 95 frammøtte, median på 80
 - Brunkeberg har 69 og 61
 - Vrådal har 52 og 33 og mange tilreisande/turister
 - Fjågesund har 31 og 27, der dei fleste er utanfrå
 - Kilen har 42 i snitt med berre to gudstenester i året og dei fleste utanfrå.
- **Trosopplæring.** Det er ca. to år sidan planen vart godkjend. Det er viktig at det som skjer er bra. Det er OK om noe ligger passivt og at ein også gjer ting som ikkje står i planen. Den kan etter kvart reviderast.
- **Diakoni.** Mykje godt arbeid som vert drive av friviljuge, vart nemnt.

<ul style="list-style-type: none"> • Kyrkje og kultur. Det er fleire arrangement i løpet av året, med særleg press før jul. Kviteseid kyrkje er etablert som eit godt konsertlokale. Brunkeberg kunne hatt meir. Det er godt å ha ein konsertansvarleg i soknerådet. 		
Sak 09/19, SR	Takkefest for tilsette som vert pensjonistar	HB
<p>Organist Dagfinn Køhn og klokkar Ellen Katrine Køhn går av med pensjon til sommaren. Det må markerast med ein takkefest. Vi må finne ein dato for den.</p> <p>Forslag: Avskjedsgudsteneste i Brunkeberg 30. juni kl. 11.00 Etterfylgt av takkefest på Misjonshuset i Kviteseid med middag eller påsmurt mat, og kaffe frå kl. 13.00</p> <p>Komité no eller seinare? Elise Foldøy og Åsbjørg Hægeland som har samarbeida tett med Dagfinn om barnekora, ynskjer å være med på å prege festen.</p> <p>VEDTAK: Avskjedsgudsteneste for organist og klokkar vert i Kviteseid kyrkje søndag 30. juni 2019, etterfølgd av ein fest på Misjonshuset. Gudstenestene 30. juni og 7. juli etter tidlegare plan vert difor bytta. Komité vert nedsett seinare.</p>		
Sak 10/19	Eventuelt	

Planlagde møter i 2019 etter vedtak 63/18: 27. feb., 10. april, 12. juni, 21. aug., 2. okt., 20. nov.